

Til den det måtte angå

UTTALE OM FRAMTIDIG FM NETT

Radio Hallingdal vil i denne saka uttale følgjande.

Radio Hallingdal – heretter RH – har finansiert, eig og driftar storparten av dei 14 sendarane me har i drift i dag. Det offentleg har ingen kostnader med vår distribusjon og det er for oss som liten radio, relativt store investeringar som er foreteke og som sjølvstekt blir verdilause dersom FM nettet blir sløkt.

Distribusjonen over FM nettet for lokalradio er viktig også driftsmessig då det er svært låg eller ingen driftskostnad. Det hender ein sjeldan gong at ein del må byttast, og då har me lett tilgjengeleg lokal kompetanse. Slik kompetanse fins ikkje når det gjeld DAB. Unntaket når det gjeld driftskostnader er dei få punkta me har måtta leige innplassering hjå Telenor/Norkring. Deira prisar er alt anna enn rimelege. Her bør høgare styresmakter gå inn og få leigeprisane mykje ned. Dei er i dag så høge at dei dekker mykje meir enn dei utgiftene Telenor/Norkring har med å drifte desse for oss. Det veit me ut frå egne erfaringar.

Heldigvis så er FM det vanlege omkring i verda, så derfor er det relativt rimeleg å få tak i nye sendarar viss ein må det. Prisane er minimale i forhold til DAB utstyr.

Ved eventuell fjerning av FM nettet vil RH vera ansvarleg for å demontere og fjerne FM utstyr og antenner og må då sannsynleg leige inn folk med nødvendige løyver til å foreta slikt arbeid. Med 14 sendepunkt blir det for oss ein kostnad som me ikkje kan bera.

Tilslutt vil RH peike på det faktum at vårt nedslagsområde i likheit med mange andre, har utfordrande topografi som blant anna gjer at me må ha mange sendarar. Med slikt opplegg får me også dekt dei aller fleste av våre potensielle lyttarar om dei bur i bygda eller er på hytta inne på fjellet. Det er 21 000 hytter i vårt nedslagsfelt.

Konklusjon: FM nettet MÅ ikkje sløkkjast.

3576 HOL mars 19

Helsing

Radio Hallingdal

Knut Medhus

Rita Stavn